

Statens vegvesen

Notat

Til: Johann Njaastad, Geir Ove Engebø
Frå: Geo- og skredseksjonen v/Jens Tveit
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:
Jens Tveit - 57655949

Oppdrag:	Vurdering av skredfare på Gaularfjell		Dok. nr. i Mime:		17/3821-4
Oppdragsgivar:	Vegseksjon Sogn		Dato:		26.04.2017
Planfase:	Drift	Arkivkode:	460	Rapportnummer:	30262-GEOL-1
Kommune:	Balestrand	Vegnr.:	Fv13	HP: 8	Km: 0,520-11,523
UTM 32 ref.:		EUREF 89		Geoteknisk kategori:	
Utarbeida av:	Jens Tveit				

Fv 13, Hp 8, Km 0,520 – Km 11,523. Gaularfjell. Vurdering av skredfare før sumaropning 2017

Innleiing

Fv 13 over Gaularfjell er vinterstengd. I samband med opning for sumaren er Geo- og skredseksjonen inne for å vurdere snøforhold og skredfare. Det har blitt gjort to synfaringar på Gaularfjell i samband med opninga. Ei 27.3 og ei 25.4.

Vurdering

Snøforhold

Jamt over er det mindre snø i regionen denne vinteren enn normalt. Dette verker også inn på skredforholda på Gaularfjellet. Skreda som har gått i løpet av vinteren er mindre og færre enn normalt. Mindre snø i losneområda gjer at faren for glideskred er mindre enn etter ein snørik vinter. Omfanget blir også mindre. Snømålarar ved den gamle brøytestasjonen på Mjell viste 2,5 meter 25.4. Det er om lag det same som når det vart brøytta fram dit før påske. Dette skuldast kaldt ver og ein del nysnø.

Vurdering Mel-Utsikten

Det har gått få skred i vegen i området gjennom vinteren. Fleire skred har stoppa i terrenget over vegen, men situasjonen har vore annleis enn ein vinter med mykje snø. Figur 1 viser området ved dei øvre svingane 27.3, figur 2 25.4. Til samanlikning viser figur 3 det same området 27.4 2015. Då var snødekket betydeleg tjukkare. Mykje var fortsatt på gli ut, og det var fleire skredhendingar i vegen både før og etter vegen vart brøytta. Figur 4 og 5 viser same området 27.4.2015 og 25.4.2017.

Så lenge det er snø i terrenget er det ein viss risiko for skred. Særleg der snøen ligg på glatte svaberg eksponert for sol og smelting. Eventuelle skred mellom Mel og Utsikten er ikkje venta å nå meir enn maks str 2. Hastigheit vil også vere begrensa. Det hyppigaste problemet vil nok vere nytt til utgliding/kollaps av brøytekanter.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Orq.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Vurdering Utsikten-Mjell

Vidare over fjellet er det også mindre snø enn normalt, men ikkje langt unna normalen. Kaldt ver og nysnø siste periode har ført til at mengda er om lag normal for årstida. Snødekket i fjellsida er likevel prega av at snødekket har vore tynnare enn normalt gjennom vinteren. Det har ikkje vore like høg skredaktivitet som normalt. Tynnare snødekke gir mindre snøsig enn eit tjukt snødekke. Samanlikna med 2015, som var ein vinter med mykje meir snø enn normalt, er situasjonen betydeleg meir oversiktleg også her i år.

Figur 6 viser området ved Snildaneshola. Her har det allereie gått eit glideskred, medan oppsprekking av området lenger mot Utsikten kan utvikle seg til eit skred på sikt. Figur 7 viser det same området i 2015. Her viser det tydeleg at det er meir sig i eit tyngre og tjukkare snødekke.

Lenger inn på vatnet er situasjonen greitt oversiktleg i fjellsida. Figur 8 viser eit område der det har gått eit større glideskred. Skredmassane har ikkje nådd heilt ned til vegen. Lenger mot Mjell har det losna eit glideskred høgare oppe. Skredmassane har ikkje kome over flata, og er ikkje synlege i henget ned mot vegen. I overkant av dette skredet er det synleg oppsprekking som kan føre til eit glideskred på sikt. Dette vil truleg ikkje nå vegen sjølv om det skulle losne.

Skredvurdering meldt inn 25.4.17 ligg på regobs med ID 125549.

Tilråding

Det er vurdert som forsvarleg både å frese i området, samt opne vegen for fri ferdsle til helga. Fjellsida langs Nystølsvatnet er stort sett over 30 grader, og så lenge det er snø i den vil det vere ein viss fare for at skred kan losne. I og med at fjellsida er sørvendt, og nokre glideskred i utvikling vil det vere fornuftig å vurdere nattestenging i ei tid framover. Vurdering av dette bør gå fram av entreprenøren si daglege skredfarevurdering.

Det er også tilrådd å følgje med i området for å vurdere om oppsprekking og sig utviklar seg vidare, eller om snødekket berre smeltar ned. Dette gjeld både opp svingane, men i større grad i fjellsida langs Nystølsvatnet. Sig, oppsprekking og glideskred kan skje andre stadar enn det som er beskrive i dette notatet. Ein del nysnø dei siste dagane kan ha dekt over aktive snøsig.



Figur 1 - Området ved dei øvre svingane 27.3.2017. Lite oppsprekking, dei fleste skreda har stoppa i terrenget over vegen



Figur 2 - Same område som i figur 1, tatt 25.4.2017. Har smelta betydeleg i området. Ikkje oppsprekking/sig i snødekket her




Figur 3 - Same område som i figur 1 og 2. Viser situasjonen 27.4.2015 då det var mykje snø i terrenget. Oppsprekking, sig og skred i veg i store delar av strekket



Figur 4 - Området over den øvste svingen 27.4.2015. Tdeleg oppsrpekking og sig




Figur 5 - Same område som i figur 4 25.4.2017. Her er snødekket tynnare. Det er ikkje sig og oppsprekking i området



Figur 6 - Snildaneshola 25.4.2017. Eitt skred har gått ut tidlegare i vår, medan oppsprekking og sig tyder på at eit nytt skred kan kome på sikt. Oppsprekkinga er begrensa til dette området i motsetning til 2015 vist i figur 7



Figur 7 - Snildaneshola 5.5.2015. Tjukt og tungt snødekke fører til mykje sig og oppsprekking, samt mange skred i vegen



Figur 8 - Situasjonen langs vestre del av Nystølsvatnet